

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 33/2006

Møtedato: 14.6.06

Arkiv nr:

## **Dispensasjon – utbetring av traktorveg til bilveg**

Frå kommunen har vi motteke til uttale ein søknad om å utbetre ein traktorveg til bilveg. Søknaden gjeld hyttefeltet ved krysset ned til Fauskehaugen. Lengda på omsøkte veg er om lag 250 meter pluss stikkvegar til hyttene.

Tiltaket ligg i LNF-område og det blir då krav om dispensasjon frå kommuneplan. Då det ikkje er bilveg til hyttene i dag meiner kommunen at kravet om særlege grunnar for å få dispensasjon er oppfylt. Saksbehandlar i kommunen kan ikkje sjå at tiltaket har negative effektar korkje på natur eller miljøet i dette området.

## **Vedtak:**

Fjellstyret har ingen merknader til saka.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog